

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA - U62	14/775

Saknr	Utval	Type	Dato
068/2014	Formannskapet	PS	09.09.2014
043/2014	Kommunestyret	PS	18.09.2014

Søknad om minipol i Masfjorden

Vedlegg:

Søknad om minipol i Masfjorden

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Nordbygda Eigedom AS v/ Magnar Ulvatn har i brev av 17.06.2014 bede om at Masfjorden kommune søkjer vinmonopolet om polutsal (minipol) i Masfjorden. Føretaket har lokale på Hosteland.

Søknaden er ikkje grunngjeve utover det som er nemnd ovanfor.

Vurdering

Alkoholpolitisk handlingsplan vart vedteken i kommunestyret den 29.03.2012, og gjeld for perioden 2012 – 2016. Her vert det slått fast at salsløyve for alkohol i alkoholgruppe 1, berre kan gjevast til daglegvarebutikkar. Rådmannen kan ikkje sjå at det ligg føre overordna styringsdokument frå kommunestyret som legg føringar om ein skal prøva å få etablert vinmonopol eller ikkje i kommunen.

Strategisk næringsplan, som vart vedteken i kommunestyret 13.09.2014, har som hovudmålsetting at det kjem 50 nye arbeidsplassar innan 2020. Eit minipol vil sjølvstekt kunne styrka det handelsområdet det vert lagt til, ved at fleire kundar vil reise til denne staden. På den andre sida vil andre daglegvarebutikkar i nærområda kunna få redusert handel. Rådmannen ser på saka først og fremst som ei næringspolitisk sak, og legg difor saka fram til kommunestyret utan tilråding.

Ved positiv vedtak om å søka, vil Vinmonopolet AS få eit brev frå kommunen om dette, og då vert det seinare opp til Vinmonopolet AS å vurdere om dei ønskjer å senda søknad om salsløyve i kommunen, og kva lokalitet/ stad dei eventuelt ønskjer å bruka.

Høyring

Saka har ikkje vore til uttale hjå nokon, då det først vil vera aktuelt om Vinmonopolet AS søker om konkret løyve til alkoholsal i medhald av alkohollova § 1-7. Då vil ein konkret søknad verta sendt på høyring til ulike instansar, og verta lagt fram som politisk sak.

Fakta

Regjeringa har opna for etablering av to små vinmonopolbutikkar «minipol» i Herøy i Nordland og Lyngen i Troms. Dei to butikkane (som opna i vår) er mykje mindre enn dei minste vinmonopolutsala, og utsala har fått namnet «Kategori 1». Dei er meint å kunna etablerast i kommunar der marknadsgrunnlaget er for lite for vanlege vinmonopolbutikkar. Prøveordninga med minipola i Herøy og Lyngen vil verta evaluert i laupet av hausten 2014, og denne evalueringa vil danna grunnlag for om Vinmonopolet AS skal kunne etablere fleire butikkar i Kategori 1. Innan utgangen av 2014 vil 235 av kommunane i landet ha vinmonopolutsal, og desse kommunane dekker ca. 90 % av innbyggjarane.

Konklusjon

Formannskapet - 068/2014

FS - behandling:

Ordførar Karstein Totland orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Artur Sjursen (Ap) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Marit Steinestø (Krf) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Det vert ikkje søkt om minipol i Masfjorden.

Røysting:

Ap sitt framlegg og Krf sitt framlegg vart røysta opp mot kvarandre.

Krf sitt framlegg fekk 1 røyst og fall (Krf)

Ap sitt framlegg fekk 4 røyster. (Ap,V,H)

FS - vedtak:

Saka vert lagt fram for kommunestyret utan tilråding frå formannskapet.

Kommunestyret - 043/2014

KS - behandling:

I denne saka var det 15 kommunestyremedlemmer tilstade.
Ordføraren orienterte om saka.

Saka vart drøfta.

Marit Steinestø, Krf, la fram følgjande framlegg til vedtak.

Det vert ikkje søkt om minipol i Masfjorden.

Egil Kvingedak ,V, la fram følgjande framlegg til vedtak:

Masfjorden kommune sender søknad til Vinmonopolet AS om polutsal i Masfjorden

Grunngjeving:

Masfjorden kommune har reguleringsplan for vidare utvikling av næring i Hostelandsområdet. Dette er eit viktig ledd i denne utviklinga.

Røysting:

Krf sitt framlegg fekk 3 røyster og fall. (Krf og 1 frå Ap)

Venstre sitt framlegg fekk 12 røyster og vart vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommune sender søknad til Vinmonopolet as om polutsal i Masfjorden

Grunngjeving:

Masfjorden kommune har reguleringsplan for vidare utvikling av næring i Hostelandsområdet. Dette er eit viktig ledd i denne utviklinga.